

FOND FOR LYD OG BILETE

Årsmelding 2009

Copyright © 2010 by Fond for lyd og bilde
All rights reserved

Grafisk produksjon: John Grieg AS, Bergen
Sideombrekking: Laboremus Sandefjord AS
Omslagsdesign ved forlaget
Framsidedeilete er frå dokumentarserien *Her er jeg og skolen min* av Semaforfilm DA.
Filmen har fått tilskot frå Fond for lyd og bilete.

Meir informasjon på www.fondforlydogbilde.no

Årsmelding 2009

Innhald

| | |
|---|----|
| Forord | 4 |
| Fordeling av midlar | 5 |
| Søknader og tildelingar | 5 |
| Søknader | 5 |
| Tildelingar | 5 |
| Tiltak retta mot barn og unge og kulturelt mangfald | 9 |
| Støtte til marknadsføring av fonogram og kortfilm/ dokumentarfilm og gjenopptaking og spreing av sceneframsyningar | 9 |
| Oppfølging av prosjekt som ikkje er registrert fullførte | 9 |
| Klagebehandling | 9 |
| Styret | 10 |
| Fagutval | 11 |
| Sekretariatet | 14 |

Årsmelding 2009

Forord

Rammeverk for fondet – forskriftsendring

Når 2009 skal oppsummerast, kan eg nøgd konstatere at det formelle rammeverket for Fond for lyd og bilete etter ein langvarig prosess no i hovudsak er på plass. Ny forskrift for Fond for lyd og bilete vart fastsett 31. mars 2009. Men forskrifta tredde ikkje i kraft før 1. januar 2010, med den følgje at verksemda i heile 2009 var regulert av den gamle forskrifta. Vedtektsendringar tredde òg i kraft 1. januar 2010.

Kva får forskriftsendringane å seie for fondet?

Det viktigaste er kanskje det som *ikkje* er endra; fondet har framleis ei todelt målsetjing: Det skal både vere eit kompensasjonsfond og eit kulturfond. Men det er nytt at retten til å søkje er avgrensa til dei tre rettshavargruppene: opphavsmenn, utøvande kunstnarar og produsentar. Det er òg nytt at tilskot til formidling er særskilt nemnt i forskrifta. Dessutan skal det no kunne søkjast tilskot til produksjon og formidling av biletkunst frå fondet. Korleis endringane skal gje seg utslag i tildelingspraksis, er blant anna avhengig av forslag til retningsliner som styret har sendt Kulturdepartementet for godkjenning. Dermed vil dei siste brikkene i det nye rammeverket til fondet først kome på plass i 2010.

Ny styreperiode

2009 vart – litt på overtid – det første året i ein ny styreperiode. Nytt styre, med funksjonstid ut 2011, vart oppnemnt av Kulturdepartementet i mars. Tre av sju styremedlemer vart skifta ut, ei utskifting som etter synet til ein erfaren (og nyoppnemnd) styreleiar representerer ein god balanse mellom kontinuitet og fornying. For sjølv om ei viktig og kontinuerleg oppgåve for fondet er å sikre at rettshavarar får ein viss økonomisk kompensasjon for lovleg kopiering av åndsverka sine, treng vi òg stadig ei vitalisering av den kulturpolitiske tenkinga og dei kunstnarlege perspektiva til fondet.

Søknadsaktivitet – forhold søknader/tildelingar

Det er gledeleg å konstatere at søknadstalet til fondet er høgt, men det er beklageleg at løyvingprosenten i 2009 har gått noko ned. I 2009 mottok vi 3 377 søknader med ein samla søknadssum på 293,9 millionar kroner. Det vart gjeve 582 tilskot med eit samla beløp på 29,2 millionar kroner. Det vil seie ein tildelingsprosent på 9,9. Kvaliteten på innkomne søknader tilseier at denne prosent burde aukast monaleg.

Øystein Blymke
Styreleiar

Fordeling av midlar

I 2009 vart fondet tildelt 27,2 millionar kroner over statsbudsjettet. Med tillegg frå tilbakeførte midlar frå tidlegare år var det totale beløpet til disposisjon 29 332 785 kroner. Hovudfordelinga frå fondet skal ta utgangspunkt i ei deling av midlane i fire delar. Éin del blir disponert av styret på fritt grunnlag, medan tre delar skal avsetjast til formål som har tilknytning til høvesvis opphavsrettshavarar, utøvande kunstnarar og produsentar.

Hovudfordelinga dannar grunnlaget for sektorfordelinga, det vil seie dei beløpa som blir stilte til disposisjon for fagutvala. For 2009 vart fordelinga fastsett slik:

| Sektor | Sum i kr |
|----------------------|-----------|
| Fonogramproduksjon | 7 197 100 |
| Musikk | 4 545 527 |
| Scene | 3 413 000 |
| Tekst | 2 017 200 |
| Video/film | 7 952 000 |
| Avsetjing frå styret | 4 045 500 |

Avsetjinga frå styret blir nytta til søknader som ikkje høyrer naturleg heime i eit einskild fagutval og til tiltak som styret fastset. Tilskot til marknadsføring av fonogram og kortfilm/dokumentarfilm og til gjenopptaking og formidling av sceneframvisningar blir tekne frå denne avsetjinga.

Årets tildelingar utgjorde samla kr 29 170 327. Kr 162 458 vart overført til neste år.

Søknader og tildelingar

Søknader

For året 2009 registrerte fondet i alt 3 377 søknader med ein samla søknadssum på kr 293 906 789. For 2008 var tala 3 262 og 268 554 138. Dette inneber ein auke på 115 søknader, og ein auke av det totale søknadsbeløpet med kr 25 352 651, ulikt fordelt på dei einskilte søknadsomgangane.

Søknader og søknadssum fordelte seg slik:

| Fagutval | 2009 | | 2008 | |
|--------------------|-----------------|--------------------|-----------------|--------------------|
| | Tal på søknader | Totalt beløp i kr | Tal på søknader | Totalt beløp i kr |
| Styret | 313 | 18 492 683 | 304 | 20 967 429 |
| Fonogramproduksjon | 1163 | 80 040 670 | 1194 | 78 525 595 |
| Musikk | 708 | 42 425 582 | 698 | 37 533 600 |
| Scene | 333 | 33 161 910 | 393 | 37 424 108 |
| Tekst | 301 | 16 726 226 | 202 | 9 900 536 |
| Video/film | 559 | 103 060 018 | 471 | 84 202 870 |
| Sum | 3377 | 293 906 789 | 3262 | 268 554 138 |


Tildelingar

For året 2009 vart det gjeve tildeling til i alt 582 søknader, 25 færre enn førre år.


Tildelingane fordelte seg slik:

| Fagutval | 2009 | | 2008 | |
|--------------------|-----------------|-------------------|-----------------|-------------------|
| | Tal på søknader | Totalt beløp i kr | Tal på søknader | Totalt beløp i kr |
| Styret | 120 | 4 045 500 | 139 | 4 195 100 |
| Fonogramproduksjon | 116 | 7 197 100 | 109 | 6 914 900 |
| Musikk | 176 | 4 545 527 | 184 | 4 373 550 |
| Scene | 49 | 3 413 000 | 49 | 3 285 110 |
| Tekst | 65 | 2 017 200 | 70 | 1 899 600 |
| Video/film | 56 | 7 952 000 | 56 | 7 795 583 |
| Sum | 582 | 29 170 327 | 607 | 28 463 843 |

Figur 1 Talet på søknader samanlikna med talet på tildelingar:



Figur 2 Søknadssum samanlikna med tildelt sum:



Årets tildelingar

Styret har fastsett ein nøkkel for å klassifisere tildelingane i dei einskilde fagutvala. Oversikta viser kva typar kunstverk/sjangrar som har teke imot tildelingar for 2009, samanlikna i prosent av tildelingsbeløpa til utvala for 2008 og 2007:

| Type produkt/sjanger (ferdig gjennomført) | Til- delingar | Beløp i kr | I % av tildelingsbeløpet til utvalet | | |
|--|------------------|------------------|--------------------------------------|------------|------------|
| | | | 2009 | 2008 | 2007 |
| Fonogramproduksjon | | | | | |
| Pop/rock/blues/hip-hop/rap/metal | 44 | 3 144 200 | 44 | 41 | 40 |
| Jazz | 20 | 990 200 | 14 | 14 | 19 |
| Klassisk/kunstmusikk | 13 | 735 000 | 10 | 6 | 5 |
| Samtidsmusikk | 5 | 260 000 | 4 | 9 | 5 |
| Viser | 5 | 310 000 | 4 | 4 | 12 |
| Musikk for barn | 3 | 175 000 | 3 | 6 | 2 |
| Norsk/samisk folkemusikk | 13 | 768 000 | 11 | 10 | 11 |
| Verdsmusikk | 4 | 251 700 | 3 | 4 | 3 |
| Elektronika | 2 | 130 000 | 2 | 3 | 1 |
| Roots/country | 4 | 184 000 | 3 | 3 | 2 |
| Blanda repertoar | 1 | 80 000 | 0 | | |
| Danseband/gammaldans | 2 | 169 000 | 2 | | |
| Sum | 116 | 7 97 100 | 100 | 100 | 100 |
| Av dette barn/ungdom | 7 | 487 500 | 7 | 7 | 23 |
| Av dette kulturelt mangfald | 5 | 275 000 | 4 | 6 | 3 |
| Musikk | | | | | |
| Komposisjon | 35 | 855 000 | 19 | 20 | 7 |
| Turné | 77 | 2 161 032 | 48 | 44 | 48 |
| Konsert | 52 | 1 246 695 | 28 | 28 | 30 |
| Festivalar | 10 | 242 800 | 5 | 8 | 15 |
| Seminar/kurs | 2 | 40 000 | 0 | | 0 |
| Sum | 176 | 4 545 527 | 100 | 100 | 100 |
| Av dette barn/ungdom | 10 | 240 000 | 5 | 4 | 7 |
| Av dette kulturelt mangfald | 17 | 477 800 | 11 | 11 | 3 |
| Tekst | | | | | |
| Tekstar | 14 | 341 000 | 17 | 17 | 20 |
| Filmmanus | 40 | 1 344 200 | 62 | 62 | 57 |
| Teatermanus | 8 | 257 000 | 20 | 20 | 21 |
| Bokmanus | 3 | 75 000 | 1 | 1 | 2 |
| Sum | 65 | 2 017 200 | 100 | 100 | 100 |
| Av dette barn/ungdom | 8 | 265 000 | 13 | 30 | 31 |
| Av dette kulturelt mangfald | 6 | 240 000 | 12 | 33 | 22 |

| Type produkt/sjanger (ferdig gjennomført) | Til- delingar | Beløp i kr | I % av tildelingsbeløpet til utvalet | | |
|--|------------------|------------------|--------------------------------------|------------|------------|
| | | | 2009 | 2008 | 2007 |
| Film/video | | | | | |
| Film – fiksjon | 11 | 1 700 000 | 21 | 5 | 25 |
| Film – dokumentar | 32 | 5 135 000 | 65 | 66 | 53 |
| Animasjon | 4 | 745 000 | 9 | 19 | 7 |
| Seminar – kurs | 1 | 50 000 | 1 | – | – |
| Foto/kunstvideo | 3 | 160 000 | 2 | 4 | – |
| Festivalar | 2 | 66 000 | 1 | 3 | – |
| Musikkvideo/anna | 3 | 96 000 | 1 | 2 | 14 |
| Sum | 56 | 7 952 000 | 100 | 100 | 100 |
| Av dette barn/ungdom | 8 | 1 516 000 | 19 | 31 | 14 |
| Av dette kulturelt mangfold | 11 | 1 400 000 | 18 | 30 | 14 |

| Til disposisjon for styret | | | | | |
|-----------------------------------|-----------|------------------|------------|------------|------------|
| a) Blanda gruppe | | | | | |
| Multimedia/installasjonar | 4 | 340 000 | 31 | 57 | 43 |
| Kringkastingsprogram | 4 | 620 000 | 57 | 43 | 41 |
| Festivalar/arrangement | – | – | – | – | 16 |
| Andre tverrfaglege prosjekt | 4 | 130 000 | 12 | – | – |
| Sum | 12 | 1 090 000 | 100 | 100 | 100 |
| Av dette barn/ungdom | 1 | 100 000 | 9 | – | 22 |
| Av dette kulturelt mangfold | – | – | – | – | – |

| | 2009 | | 2008 | | 2007 |
|---|------------------|------------------|------------------|------------------|------------------|
| | Til- delingar | Beløp i kr | Til- delingar | Beløp i kr | Til- delingar |
| b) Marknadsføring fonogram og kortfilm/dokumentarfilm og gjenopptaking og spreing av sceneframsyningar | | | | | |
| Marknadsføring fonogram | 62 | 1 145 000 | 69 | 1 155 500 | 56 |
| Marknadsføring film | 18 | 835 500 | 33 | 1 124 600 | 23 |
| Gjenopptaking sceneframsyningar | 28 | 975 000 | 27 | 950 000 | 21 |
| Sum | 129 | 2 955 500 | 100 | 3 270 100 | 100 |

Tiltak retta mot barn og unge og kulturelt mangfald

Kulturdepartementet la til grunn for løyvinga at fondet skal medverke til å realisere den nasjonale kulturpolitikken gjennom vektlegging av tiltak som stimulerer utviklinga av ein levande barne- og ungdomskultur og kulturelt mangfald.

I søknadsbehandlinga har både fagutvala og styret særleg prioritert søknader som rettar seg mot dei to målgruppene.

Tilskot til prosjekt for barn og unge i dei ordinære tildelingane utgjorde kr 3 570 500, dvs. 12,2 % av det totale tildelingsbeløpet. Tilskot til prosjekt som retta seg mot kulturelt mangfald, utgjorde kr 2 949 800, dvs. 10,1 %.

Støtte til marknadsføring av fonogram og kortfilm/ dokumentarfilm og gjenopptaking og spreieing av scenefram syningar

I 2009 vart ca. 73 % av avsetjinga frå styret brukt til ordningane som vart sette i gang hausten 2000: Tilskot til marknadsføring av fonogram og kortfilm/dokumentarfilm, og Tilskot til gjenopptaking og spreieing av scenefram syningar. Gjennom desse ordningane ønskjer styret å styrkje formidlinga av prosjekt som fell innanfor verkeområdet til fondet.

I løpet av året mottok styret 285 søknader til desse tiltaka. I alt 2,9 millionar kroner vart tildelede 108 prosjekt. Ordningane har blitt godt mottekne og møter eit behov i bransjemiljøa.

Oppfølging av prosjekt som ikkje er registrert fullførte

Tilskotsmottakarar har normalt ein toårsfrist til å fullføre prosjektet. Ved slutten av denne fristen blir det sendt brev til dei som har fått utbetalt første del av tilskotet, der dei blir gjort merksame på avslutningsfristen. Midlar avsette til prosjekt som etter dette ikkje er blitt fullførte, blir tilbakeførte til fondet saman med avsetjing til prosjekt som ikkje har blitt starta. Dei tilbakeførte midlane blir stilte til rådvelde for seinare søknadsomgangar.

Styret har i 2009 vedteke å tilbakeføre midlar tildelede for perioden 2003–2008 med i alt kr 2 055 100. Dette utgjør 1,3 % av tildelingsbeløpa for desse åra. Beløpet er lagt til disposisjonsbeløpet til fondet i 2009.

Klagebehandling

Ved kgl.res. av 15. mars 1991 er det med heimel i forvaltningslovas § 28 tredje ledd bestemt at det ikkje kan klagast til departementet over det faglege kunstnarlege skjønnet. Forskrifta vart gjort gjeldande frå 9. april 1991. I samsvar med dette er det berre klagerett til Kulturdepartementet over feil ved saksbehandling og bruk av lova. I 2009 vart det i alt innsendt 10 klager. Ingen av desse tilfredsstilte klagegrunnlaget.

Styret

Styret vart oppnemnt av Kulturdepartementet for perioden 2009–2011.

| Samansetjing av styret | | |
|-------------------------------|-------------------------|--|
| Leiar | Øystein Blymke | Oppnemnd iflg. § 3 i vedtektene |
| Personleg varamedlem | Harald Olsen | Oppnemnd iflg. § 3 i vedtektene |
| Produsentar | | |
| Styremedlem | Larry Bringsjord | Foreningen norske plateselskaper og IFPI Norge |
| Personleg varamedlem | Marte Thorsby | Foreningen norske plateselskaper og IFPI Norge |
| Styremedlem | Leif Holst Jensen | Norske Film- og TV-produsenters forening |
| Personleg varamedlem | Ellen Jacobsen | Norske Film- og TV-produsenters forening |
| Opphavsrettshavarar | | |
| Styremedlem | Ingrid Kindem | NOPA |
| Personleg varamedlem | Bjørn Bolstad Skjelbred | Norsk Komponistforening |
| Styremedlem | Anne Helgesen | Dramatikerforbundet |
| Personleg varamedlem | Elisabeth Sjaastad | Norsk Filmforbund |
| Utøvande kunstnarar | | |
| Styremedlem | Renée Rasmussen | Musikernes fellesorganisasjon |
| Personleg varamedlem | Knut Aafloy | Norsk Artistforbund |
| Styremedlem | Elin Aamodt | GramArt |
| Personleg varamedlem | Yngve Seterås | Norsk Skuespillerforbund |

Norsk kulturråd og Fond for utøvande kunstnarar har rett til å møte som observatørar i styremøte med høve til å gjere protokolltilførsalar. Styret har halde 10 møte i 2009.

Styret har oppnemnt eit arbeidsutval for å førebu saker for styret og behandle einskildsaker etter fullmakt. Arbeidsutvalet består av leiar og to av dei andre medlemene i styret: Elin Aamodt og Renée Rasmussen.

Til å førebu behandlinga av søknader som ikkje høyrer naturleg heime i eit einskild fagutval, har styret eit eige utval på to personar, oppnemnde blant medlemene i styret. Utvalet har bestått av Ingrid Kindem og Leif Holst Jensen.

Til å førebu behandlinga av søknader for tiltaka marknadsføring av fonogram og kortfilm/ dokumentarfilm og til gjenopptaking og spreiiing av sceneframsyningar har styret tre eigne utval på to personar, oppnemnde blant medlemene i styret. Utvalet for marknadsføring av fonogram har bestått av Larry Bringsjord og Renée Rasmussen. Utvalet for marknadsføring av kortfilm/ dokumentarfilm har bestått av Leif Holst Jensen og Ellen Jacobsen. Utvalet for gjenopptaking og spreiiing av sceneframsyningar har bestått av Anne Helgesen og Yngve Seterås.

Fagutval

Ved oppnemninga av fagutvala har organisasjonane forslagsrett. Fagutvala blir oppnemnde av styret på sjølvstendig grunnlag for eitt år av gongen. Kulturdepartementet bad i brev av 08.02.1996 styret om å styrkje distriktsprofilen ved oppnemninga av fagutval, for å motverke den sterke Oslo-dominansen i det departementsoppnemnde styret. Styret prøvde å vektleggje distriktsfordelinga spesielt i samansetjinga. Samtidig vart det understreka overfor organisasjonane at § 21 i likestillingslova om forslag på både mannlege og kvinnelege kandidatar skal følgjast.

Arbeidet i fagutval

Ved sida av å stille krav til kunstnarleg kvalitet har styret gjeve nokre generelle kriterium som fagutvala bør halde seg innanfor i innstillingane sine til styret. Styret har òg vedteke at den kulturpolitiske delen av siktemåla til fondet skal speglast i tildelingane.

I retningslinene for arbeidet til fagutvala er det fastsett at fagutvala kan og bør bruke konsulent om ein står overfor samiske eller framandspråklege søknader, eller om søknaden på annan måte føreset ein fagleg kompetanse som ikkje er representert i fagutvalet.

Fagutval våren 2009

| Medlemer | Varmedlemer |
|---|--|
| Fonogramproduksjon | |
| Eirik Raude, Oslo (Musikernes fellesorganisasjon) | Anne Nyborg, Oslo (Musikernes fellesorganisasjon) |
| Elisabeth Vannebo, Loddefjord (NOPA) | Jan-Willy Rydningen, Moss (NOPA) |
| Hildegunn Olsbø, Oslo (IFPI Norge) | Øystein Rudjord, Oslo (IFPI Norge) |
| Håkon Gjesvik, Oslo (FONO) | Anne Kjelkenes, Oslo (FONO) |
| Musikk | |
| Knut Starheim, Bergen, (Musikernes fellesorganisasjon) | Ole Bøhn, Oslo, (Musikernes fellesorganisasjon) |
| Anniken Paulsen, Fredrikstad (NOPA) | Geir Lysne, Hvalstad (NOPA) |
| David Bratlie, Oslo (Norsk Komponistforening) | Dalia R. With, Bekkestua (Norsk Komponistforening) |
| Hilde Wahl, Oslo (GramArt) | Ottar Johansen, Oslo (GramArt) |
| Scene | |
| Mona Walderhaug, Haslum (Norske Dansekunstnere) | Liv Basberg, Bergen (Norske Dansekunstnere) |
| Erik Rulin, Oslo (Norske Dansekunstnere) | Thomas L. Gundersen, Oslo (Norske Dansekunstnere) |
| Ulla M. Broch, Oslo (Norsk Skuespillerforbund) | Anna Bache-Wiig, Oslo (Norsk Skuespillerforbund) |
| Einar Bjørge, Oslo (Norsk Filmforbund) | Liv Hege Nylund, Lillestrøm (Norsk Filmforbund) |
| Tekst | |
| Inki Storleer, Trondheim (Skribentenes Samarbeidsutvalg) | Birgitte Bratseth, Oslo (Skribentenes Samarbeidsutvalg) |
| Ingvar Hovland, Egersund (NOPA) | Kine Hellebust, Harstad (NOPA) |
| Kjersti Paulsen, Oslo, (Norsk Filmforbund) | Tom Gulbrandsen, Oslo (Norsk Filmforbund) |
| Video/film | |
| Eva C. Nilsen, Sortland (Norsk Filmforbund) | Øivind Sandberg, Hjelmås (Norske Film- og TV- produsenters Forening) |
| Tom Rysstad, Haslum (Norske Film- og TV-produsenters Forening) | Cathrine I. Skarbøvik, Rådal (Norske Film- og TV-produsenters Forening) |
| Jørgen Langhelle, Nesoddtangen (Norsk Skuespillerforbund) | Kirsti M. Hougen, Oslo (Norsk Filmforbund) |

Fagutval hausten 2009

| Medlemer | Varamedlemer |
|--|--|
| Fonogramproduksjon | |
| Elisabeth Vannebo, Bergen (NOPA) | Eirik Raude, Spikkestad (MFO) |
| Aggie Petersen, Tromsø (GramArt) | Ole-Jørgen Olsen, Oslo (GramArt) |
| Øystein Rudjord, Oslo (IFPI Norge) | Sæmund Fiskvik, Oslo (IFPI Norge) |
| Håkon Gjesvik, Oslo (FONO) | Stine Farstad, Oslo (FONO) |
| Musikk | |
| Nora Taksdal, Oslo, (MFO) | Knut Starheim, Bergen (MFO) |
| David Bratlie, Oslo (Norsk Komponistforening) | Dalia R. With, Bekkestua (NKF) |
| Jens Thoresen, Oslo (NOPA) | Live Maria Roggen, Nesoddtangen (NOPA) |
| Hilde Wahl, Oslo (GramArt) | Ottar Johansen, Oslo (GramArt) |
| Scene | |
| Grete Valstad, Oslo (Norske Dansekunstnere) | Therese Skauge, Oslo (Norske Dansekunstnere) |
| Lise Risom-Olsen, Bergen (Danse- og teatersentrum) | Linda Birkeland, Stavanger (Danse-og teatersentrum) |
| Anna Bache-Wiig, Oslo (Norsk Skuespillerforbund) | Markus Tønseth, Oslo (Norsk Skuespillerforbund) |
| Einar Bjørge, Oslo (Norsk Sceneinstruktørforening) | Katinka R. Berge, Oslo (Norsk Sceneinstruktørforening) |
| Tekst | |
| Einar Schwenke, Nesoddtangen (Skriventenes Samarbeidsutvalg) | Kari F. Brønne, Oslo (Skriventenes Samarbeidsutvalg) |
| Lars Aass, Oslo (NOPA) | Dag Kajander, Kabelvåg (NOPA) |
| Kjersti Paulsen, Oslo (Norsk Filmforbund) | Hisham Zaman, Oslo (Norsk Filmforbund) |
| Video/film | |
| Øyvind Sandberg, Hjelmås (Norsk Filmforbund) | Kirsti M. Haugen, Oslo (Norsk Filmforbund) |
| Hilde Heier, Oslo (Norske Filmregissører) | Janic Heen, Oslo (Norske Filmregissører) |
| Thomas Evjen, Bodø (Norske Film- og TV-produsenters Forening) | Åse Bendiksen, Oslo (Norske Film- og TV- produsenters Forening) |

Sekretariatet

Sekretariatet har i første rekkje som arbeidsoppgåve å registrere og sørge for all praktisk behandling av søknadene. Sekretariatet skal dessutan ta seg av sekretærfunksjonar for styret, arbeidsutvalet og fagutvala. Sekretariatet følgjer opp fondstildelingane gjennom utbetaling og kontroll av rapportar og rekneskap, og tek seg av andre administrative rutinar. Sekretariatet er administrativt tilknytt Norsk kulturråd. I administrasjonen til rådet er det assisterande direktør Guri Skjeldal, seniorkonsulent Ole K. Richenberg og seniorkonsulent Karin Krok som har eit særleg ansvar for sakene til fondet. I tillegg blir det engasjert ekstrahjelp på deltid.